


Korleis dele artiklar i Wordpress

I Webløft-prosjektet er det utvikla ein felles norsk artikkeldatabase for bibliotek, som alle med Wordpress-nettstadar kan dele direkte frå eller legge sine eigne artiklar til. Her får du ei oppskrift på korleis du gjer det.

Sjekk om **Artikkeldatabase** er eit val i **Styringspanelet** på nettstaden din:



Om du **ikkje** finn **Artikkeldatabase** i Styringspanelet ditt kan du melde frå til kari.skibenes@vlfk.no så skal vi ordne det.


Hent innhald frå andre

Klikk på **Artikkeldatabase** i **Styringspanelet**. Då kjem du inn i basen. Der finn du ei kronologisk liste over alt som er delt til basen:

The image shows the 'Artikkeldatabase' interface. At the top, there are filters for 'Alle', 'Alle kategorier', and 'Filtrer'. Below the filters is a table with the following columns: Tittel, Kategoriar, Forfattar, Post Type, Samling, Merkelappar, and Dato. The table contains three rows of data:

Tittel	Kategoriar	Forfattar	Post Type	Samling	Merkelappar	Dato
<input type="checkbox"/> Live!, kjærleiken og havet: noveller	-	lena	innlegg	Bibliotekutvikling Vestland		3 Sep 2020 12:06:35
<input type="checkbox"/> LAST NED BOOKBITES	-	Cecilie Weinholdt	page	Vikenfylkesbibliotek		7 Jul 2020 15:32:57
<input type="checkbox"/> Sommersnakk med Jenny Jordahl	-	Marte Storbråten Ytterbø	innlegg	Deichmans litteraturblogg	60 damer du skulle ha møtt, Åleevangeliet, Bisma, Bisma	1 Jul 2020 09:15:13


Når du peikar på ein tittel, kjem det opp to val:



Ved å velje **Vis**, får du sjå artikkelen på nettstaden der den er publisert. Dette kan vere nyttig sidan det kan skje små endringar når du importerer.

Dersom du klikkar på **Subscribe**, hentar du artikkelen og publiserer den på nettstaden din.

Etter at du har publisert artikkelen, bør du sjekke korleis den ser ut på nettstaden. (**Gå til sida el Vis nettsted**)



Ofte løner det seg å redigere **Utdraget** som vert vist i artikkeloversikten for at artikkelen skal sjå betre ut. Dersom det er ingress i originalartikkelen, vil den ikkje bli med.

Ser artikkelen fin ut på nettstaden, treng du ikkje gjere meir



Livet, kjærleiken og havet

3. sep. 2020

Vennskap og kjærleik er tema i desse novellene.



Opning av Jondal bibliotek

18. aug. 2020

Målstreken nærmar seg! Opning av det nye biblioteket vert i starten av september.



Biblioteka har opna!

12. jun. 2020

Endeleg kom dagen då biblioteket opna att etter koronastenginga!

... gjer den det ikkje, kan du redigere **Utdraget**:



Livet, kjærleiken og havet: noveller

av Bibliotekutvikling Vestland | sep 3, 2020

På oppdagingsferd i litteraturen Slik opnar novella «Som dagene går» av Sigmund Jensen. Lesaren følgjer hovudpersonen i forsøk på å nå ut til andre menneske.

Vennskap, kjærleik og korleis desse kjenslene får oss til å oppføre oss mot kvarandre, er tema i novellene i denne artikkelen. Utvalet er ein liten del av det som finst ...

[Fortsett å lese](#)

Her er (det autogenerated) **Utdraget** for langt til at det ser bra ut på denne nettstaden. I tillegg hadde originalartikkelen ein ingress som har forsvunne, slik at utdraget ikkje heng saman.

Ein må redigere **Utdraget** på ulike måtar avhengig av korleis nettstaden er sett opp. Du finn den importerte artikkelen under **Alle innlegg** i **Styringspanelet**, og redigerer den på same måte som det de har skrive sjølv.

Når du er inne på artikkelen i redigeringsmodus, finn du **Utdrag** anten under **Dokument** i høgre spalte, eller langt ned på sida, under sjølve artikkelen.

The image shows a vertical sidebar menu from a content management system. At the top, there are two tabs: 'Dokument' and 'Blokk'. The 'Dokument' tab is selected and circled in red. Below the tabs, there are several sections with expandable/collapsible arrows:

- Status og synlighet
- Synlighet: Offentlig
- Publiser: 3. september 2020 12:06
- Innleggsformat: Standard
- Fest til toppen av innleggssiden
- Forfatter: Kristin Hatledal
- [Flytt til papirkurven](#)
- Side lenker til
- Permalenke
- Kategorier
- Stikkord
- Fremhevet bilde
- Utdrag** (circled in red)


Under the 'Utdrag' section, there is a text input field with the label 'Skriv et utdrag (valgfritt)'. The field contains the following text:

<p>På oppdagingsferd i litteraturen Slik opnar novella «Som dagene går» av Sigmund Jensen. Lesaren følger

Del innhaldet ditt med andre

Om du skriv eit innlegg du vil dele med andre, gjer du det på same måte som du skriv eit innlegg på eigen nettstad.

Den einaste skilnaden er at du må krysse av for **Del denne artikkelen** i høgre spalte i redigeringsbiletet. Når du no klikkar på **Oppdater**-knappen vert innlegget din lagra i Artikkeldatabasen.



Merk deg det som står om Copyright. Du skal **aldri** publisere andre sin tekst som din eigen, eller legge ut bilete du ikkje har rett til å publisere. Ver også merksam på at du må innhente samtykke frå vaksne du tek bilete av, eller frå føresette til barn du fotograferer.